



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Laila Nordheim Alme, 55 57 23 19

Vår dato  
05.05.2008  
Dykkar dato  
12.02.2008

Vår referanse  
2008/2187  
Dykkar referanse  
20050409-/IBF

Justis- og politidepartementet  
Postboks 8005 Dep  
0030 Oslo

### Politiattest for personer som skal ha oppgåver knytt til mindreårige - høyringsfråsegn

Vi viser til brev av 12. februar 2008 vedlagt høyringsdokumentet.

Fylkesmannen støttar framlegget til ei nærmare avgrensa utviding av dagens regelverk for politiattestar for personar som skal ha oppgåver knytt til mindreårige. I omtalen av tenester til psykisk utviklingshemma bør det vurderast å ta inn NAV, fordi dei har ansvar for tilrettelegging av verna arbeidsplassar for psykisk utviklingshemma.

Med bakgrunn i argumentasjonen som er gitt i høyringsdokumentet er vi og samde i det er problematisk å inkludere brot på legemiddelova i dei aktuelle politiattestane.

I rettleiinga som blir laga til dette nye regelverket er det viktig å gjere merksam på at kravet om politiattest er eitt av fleire verkemiddel som skal gjere det tryggare å vere barn, ungdom og utviklingshemma i møte med ulike tiltak og tenester. Framleis vil dei fleste overgripingar vere ukjende for oss og kravet om politiattest vil berre vere eit verksamt tiltak saman med andre tiltak. Både tenester og organisasjonar må vere ansvarlege og både ta i bruk andre kontrollmekaniskar og gjere eigne etiske vurderingar i arbeidet med å rekruttere nye medarbeidarar og i oppfølginga av tilsette.

Med helsing

Helga Arianson e.f.  
fylkeslege

Laila Nordheim Alme  
fylkessjokepleiar